

## 1 Ta studiebarometeret tilbake til klassene

2 Studiebarometeret gjennomførast årleg med 2. og 5. års studentar. Dette er ein viktig  
3 undersøking som gir studentar og tilsette i universitets- og høgskulesektoren høve til å  
4 analysere forbetringar og nedgang i eins eige studielaup og studieprogram i sin heilheit.

5 Spørjeundersøkinga blir kvar haust sendt til 70 000 studentar nasjonalt. Målet med  
6 Studiebarometeret er å styrke arbeidet med kvalitetsutvikling i høgare utdanning og gi nyttig  
7 informasjon om studiekvalitet. På Studiebarometeret.no kan du enkelt samanlikne liknande  
8 studiar frå andre høgskuler og universitet.

9 Studiebarometeret er ein frivillig, men sterkt tilrådd undersøking for studentar å ta. I kampen  
10 om studentars merksemd kan undersøkinga vere problematisk å huske på å gjennomføre.  
11 Derfor er det viktig at alle ledd i Høgskulen tar gjennomføring og resultata på alvor.

12

13 Studentparlamentet meiner:

- 14 • Studentar skal få høve til å gjennomføre undersøkinga i ein forelesing, og det er tilsette  
15 si plikt å leggje til rette for tid og stad.
- 16 • Resultata frå studiebarometeret skal vere obligatorisk til gjennomgang i kvalitetsutvala.
- 17 • Tilsette er pliktige til å vise ein samanlikning av resultat frå liknande studielinjer andre  
18 stadar enn HVO.
- 19 • Studentparlamentet skal ha ein obligatorisk gjennomgang av resultata på nærast  
20 parlamentsmøte, med gjest frå høgskuleleiinga som gjer greie for statistikken.
- 21 • Det skal adresserast og unngå framtidig repetisjon der resultat manglar frå ei linje eller  
22 studieprogram grunna låg respons.
- 23 • Høgskulen i Volda er pliktige til å dele resultata med AU studentparlamentet snarast  
24 råd.